

Til Alver kommune

Plan-og byggjesak.

Oppmålingsavd.

Landbruksavd.

Eigar av gnr. 305 bnr. 7 Terje Fløysand har inngått avtale med eigar av gnr. 305 bnr. 3 Arne Gunnleiv Haugsvær der Eigar av gnr. 305 bnr. 3 kjøper opp og overtar landbruksareala og skogsteigar på gnr. 305 bnr. 7.

Der er snakk om i alt 3 områder (Teigar) som er avtalt overført. Teigane er merka A B og C på vedlagde kart 1, 2 og 3.

På kart 1 er teig B, på nordsida av fylkesvegen på omlag 112 da. og teig A på sørsida av fylkesvegen med omlag 20 da dvs. arealet omkring våningshuset. Denne teigen (A) må det skiljast frå eit areal omkring våningshuset på bnr.7 med omlag 2,3 da som blir resterande areal av bnr. 7 medrekna tilsvarande areal langs sjøen (om lag 5,0 da) . Desse 2 areala blir då resterande areal av bnr. 7.

På kart 2 er merka av det som blir igjen av bnr. 7 dvs. om lag 2,3 da omkring våningshuset og diverse sjøareal (om lag 5,0 da) som ligg mellom kommunal veg og sjøen. Desse to områda skal då behalda hovudbruket sitt gnr. 305 og bnr. 7.

På kart 3 er avmerka ein teig B i Oneset på om lag 75 da. Han skal og overførast til ny eigar.

Desse 3 teigane må ved overføring til ny eigar få nye bruksnummer eventuelt bli ein del av bnr. 3 dersom det let seg gjere.

Reint oppmålingsteknisk treng teig B og teig C ikkje ha noko oppmåling. Areala blir ikkje endra. Dei kan berre overførast til ny eigar , men må sannsynleg få nye bnr.

På teig A må arealet omkring våningshuset skiljast frå. Det er berre nye grenser omkring våningshuset som treng oppmåling. Dei ytre grensene for teig A mot granneeigedomane blir ikkje råka. Noko nabovarsling er derfor ikkje aktuelt sidan det er eigar Terje Fløysand som eig området der deling skjer.

Arealbruken for areala skal ikkje endrast. Dette blir i samsvar med kommuneplanen sin arealdel dvs. LNF-områder. Nokon dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel skulle såleis ikkje vera naudsynt.

Ber om at arealoverføringane vert vurdert og godkjent snarast råd.

Fløksand 19.01.22

For søkjar Terje Fløysand.Eigar av gnr. 307 bnr. 7

Mvh. Jens H.N.Bjordal ansv. søkjar.